

PROTOKOLL FRÅ KONTROLLKOMITEMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 13. desember 2006, kl 1800 – kl 1930

Stad: SAS Bryggen Hotell, Bergen

Ø

Møtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	20/06 B	Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 11. oktober 2006
Sak	21/06 B	Oppfølging av revisjonsrapport, Bevital AS
Sak	23/06 O	Statusrapport frå internrevisjonsprosjekt
Sak	24/06 B	Revisjonsplan 2007
Sak	25/06 B	Seminar / kurs for Kontrollkomiteen
Sak	26/06 O	Eventuelt

U.off. Offl. § 5, 1.ledd

Sak	22/06 B	Val av ekstern revisor
-----	---------	------------------------

Deltakarar frå kontrollkomiteen:

Svein Andersen
Helge Espelid

Forfall:

Reidun Korsvoll hadde meldt sjukdomsforfall

Deltakarar frå administrasjonen:

Viseadministrerende direktør Helge Bryne
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Sekretær for kontrollkomiteen:

Statsautorisert revisor Gunnar Hoff (ref.)

Sak 20/06 B

Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 11. oktober 2006

Kommentarar.

Protokollen frå møte i komiteen 11.10.2006 var på førehand distribuert på mail til komitemedlemmene.

Protokollen vart gjennomgått og signert. Enkeltsaker vart kommentert under gjennomgangen av protokollen.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner protokollen frå møte 11.10.2006.

Sak 21/06 O

Oppfølging internrevisjonsrapport, Bevital AS

Internrevisjonen har utarbeidd ein rapport på bakgrunn av undersøkingar knytt til avtale om kjøp av laboratorieanalysar mellom Haukeland sjukehus og Stiftelsen B12 / Bevital AS.

Rapporten vart sendt over frå Helse Vest RHF til Helse Bergen HF for oppfølging. Kontrollkomiteen har etterlyst tilbakemelding på kva tiltak Helse Bergen HF har sett i verk i forhold til funna og tilrådingane i revisjonsrapporten.

Styret i Helse Bergen handsama den 13.11.2006 i sak 77/06 Oppfølging av internrevisjonsrapport 01/06 (BevitalAS). Kontrollkomiteen oppfattar styresaka som føretakets tilbakemelding på revisjonsrapporten og drøfta på den bakgrunn styresaka. I samband med handsaminga av saka vart det gjeve nokre utfyllande kommentarar frå Helge Bryne.

Kontrollkomiteen handsama i denne samanheng også nye retningslinjer for praktisering av bierverv i Helse Bergen, på grunn av at dette var ei av dei problemstillingane som var tatt opp i revisjonsrapporten.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tek tilbakemeldinga om oppfølgingstiltak i forhold til tilrådingane i revisjonsrapporten til etterretning.

Sak 22/06 B
U.off. offl. § 5.1

Val av ekstern revisor i Helse Vest

Avtalen om eksternrevisjon går ut etter revisjon av rekneskapen for 2006 og det vart difor sendt melding til revisor 28.6.2006 om at Helse Vest ville gå ut på anbod om kjøp av slike tenester hausten 2006.

HINAS AS har leia prosessen rundt anboda og det har vore utarbeidd felles anbodspapir for dei fem helseregionane. Prosessen har vore ein open anbudskonkurranse.

Tre revisjonsselskap har levert inn tilbod på revisjon av Helse Vest, og Helse Vest har utarbeidd ei skriftleg vurdering av tilboda opp mot tildelingskriteria i anbudet.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tilrår å velje Ernst & Young AS som føretaksgruppa sin eksterne revisor for åra 2007 – 2009, med opsjon for åra 2010 og 2011.

Sak 23/06 O

Statusrapportering frå internrevisjonsprosjekt

Internrevisor orienterte om status på prosjektet Sjukefråvær, mellom anna bakgrunn, føremål, problemstillingar, omfang og revisjonsmessig angrepsvinkel. Med bakgrunn i den informasjonen som på rapporteringstidspunktet var henta inn i form av skriftleg dokumentasjon og intervju, vart komiteen orientert om internrevisjonens førebels konklusjonar.

Den endelege prosjektplanen for prosjekt Styringssystem er ikkje handsama ferdig i RHF leiinga, og var på rapporteringstidspunktet ikkje starta opp.

Internrevisor foreslo at sak om fondsmidlar i helseføretaka vart fremja for komiteen etter at årsrekneskapstala for 2006 er godkjende, og nemde årsaker til at det var mest tenleg.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tar orienteringane til informasjon.

Sak 24/06 B

Revisjonsplan 2007

Planen for internrevisjonen er i utgangspunktet basert på den risikovurderinga som vart gjennomført i 2006. Risikoen vart kartlagt på eit overordna nivå i alle helseføretaka og involverte leiinga i alle helseføretaka.

Gjennom revisjonar og andre aktivitetar i 2006 har vi fått meir detaljert kunnskap om risiko og kontrollsituasjonen i Helse Vest. Denne kunnskapen, saman med dei prosjekta som vart identifisert som eit resultat av risikovurderinga i 2006, dannar grunnlaget for revisjonsplanen for 2007.

Vedlagde utkast til plan for 2007 vart gjennomgått og drøfta. I samband med gjennomgangen vart det på bakgrunn av konkret informasjon sett fram forslag om å prioritera opp eit prosjekt knytt til elektronisk pasientjournalssystem. Komiteen slutta seg til dette og at prosjektet Elektronisk pasientjournal erstatter det opprinneleg planlagde prosjektet Avvikshandteringssystem.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner planen for 2007 med den endring som går fram ovanfor.

Kontrollkomiteen sluttar seg til internrevisjonens forslag om å leggja planen fram for administrerande direktør i Helse Vest RHF for uttale.

Internrevisjonen innarbeider eventuelle endringar på grunnlag av administrasjonens handsaming av planen og fremjar deretter revisjonsplanen til kontrollkomiteen for endeleg godkjenning.

Sak 25/06 B

Seminar / kurs for kontrollkomiteen

I samband med planlegging av aktivitetar for 2007 i kontrollkomiteen, synes det naturleg å drøfte behov for / ønske om kursing/opplæring knytt til rollen som kontrollkomiteemedlem.

Nettverksgruppa for internrevisorar i RHFa vurderer det slik at det burde være interessant å få samla kontrollkomiteemedlemmene og internrevisorane til fagleg oppdatering og erfaringsutveksling. Ulikskapar både med omsyn til korleis komiteane er samansett og arbeidsformer som er valgt, innebær at det vil vera ekstra nyttig å få informasjon om koreleis ulike løysingar fungerer.

Det vil vera av stor betydning at Helse- og omsorgsdepartementet kan delta i ein slik samanheng.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen er positiv til tanken om ei felles fagleg samling for kontrollkomiteane i dei regionale helseføretaka og ønskjer at det vert arrangert eit møte i løpet av første halvår 2007.

Kontrollkomiteen ber om at internrevisor følgjer opp saka og gjev ei tilbakemelding om haldninga til komiteane i dei andre regionane.

Sak 26 / 06 O

Eventuelt

Møteplan 2007

Neste møte i kontrollkomiteen vert 14. februar 2007 kl 18.00 i Stavanger..

Øvrige møte i 2007 vert: 5.6., 4.9., og 4.12.

Tilsetjing av internrevisor

Kontrollkomiteen vart orientert om status i saka. Kontrollkomiteen oppmoda administrasjonen om å fortsetja søk / annonsering etter internrevisor.

Gunnar Hoff
Referent

Bergen, 13. desember 2006

Svein Andersen
Leiar

Reidun Korsvoll

Helge Espelid